



Nynorsk mediesenter

Status per 30.06.2009



NRK Nynorsk mediesenter

Dette vert namnet vårt frå 1.september. Då har vi klart oss godt i 5 år utan NRK-logoen i namnet vårt. Opphavleg var det meininga at Nynorsk mediesenter skulle bli ei stifting, med fleire medieverksemder som eigarar. Difor vart ikkje NRK med i namnet, men etter to års drift gav økonomidirektør Tore Olaf Rimmereid oss beskjed om at "NRK befinner seg vel med å eie og drive Nynorsk mediesenter". – Vi har venta på eit høve til å byte namn og markerer 5-årsdagen vår med å bli ein tydeleg del av storfamilien NRK, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

- Mangfald i NRK – enklare sagt enn gjort ?

Ei anna markering av 5-årsdagen er eit seminar i Førde 1.september der vi set søkerjelyset på mangfaldet i NRK, med utgangspunkt i Nynorsk mediesenter og NRK FleRe, som lærer opp fleirkulturelle journalistar. NRK FleRe har vore i drift i 1,5 år, etter modell av mediesenteret. Til saman har vi rekruttert og lært opp 65 nynorskpraktikantar/stipendiatar per dags dato. 14 av dei 15 stipendiatane frå NRK FleRe har arbeid i media, 12 i NRK. Av dei 50 nynorskpraktikantane frå oss har 80 % arbeid i media, tyngda i NRK.

Mangfald er ein del av samfunnsoppdraget til NRK og denne dagen skal vi sette søkerjelyset på kor medvitne vi er på det. Målsettinga er å samle direktørar og redaktørar i NRK, med ansvar for rekruttering og språk, for å dele røysler. Vi må sjølv sagt ha med ein del tidlegare praktikantar/stipendiatar, som kan fortelje om møtet med NRK, og nokon av kritikarane våre. Det er kringkastingssjefen som betalar og avsluttar samlinga "Mangfald i NRK – enklare sagt enn gjort ?"

Kull 11 – fire menn og ei kvinne



Frå venstre Aleksander Vallestad (1983), frå Stord i Hordaland, Bjørn Ivar Voll (1985) frå Nedstrand, Tysvær kommune i Rogaland, Simon Solheim (1990), frå Florø, Flora kommune i Sogn og Fjordane, Mathias Oppedal (1985), frå Nærø, Hå kommune i Rogaland og Sara Myhren Kornberg (1987), frå Folkestad i Volda kommune, Møre og Romsdal.

Aleksander Vallestad er redaksjonsassistent i VG og konsulent for sosiale medier i Norges Røde Kors. Frå 2005 til 2008 var han leiar for Røde Kors Ungdom, eitt av mange verv han har hatt i organisasjonslivet. Sommaren 2006 var han sommarvikar i Bladet Sunnhordland. Han har studert sosialantropologi og medieproduksjon.

– I 2007 fekk eg jobb som redaksjonsassistent i VG. Eg trivst godt og har lært mykje. Men det er noko som manglar for meg, nemleg bruk av mitt eige hovudmål nynorsk, seier Aleksander Vallestad som grunngjeving for å søkje Nynorsk mediesenter.

Bjørn Ivar Voll har BA-grad i statsvitenskap ved NTNU i Trondheim, med fordjupning i samanliknande politikk. Han har også fordjupning i historie og utvalde fag i medisin grunnfag. Det var jobben som nettredaktør for UKA-07 som vekte interessa hans for journalistikk og førde han inn i organisasjonslivet i Trondheim.

– *Eg ynskjer å lære journalistikk og nynorsk eterspråk. Eg vil halde på dialektal mi, samstundes som eg tileigner meg det nynorske eterspråket, slik at eg kan veksle mellom to språkgir*, seier Bjørn Ivar Voll.

Simon Solheim er den yngste nynorskpraktikanten vi har teke inn ved Nynorsk mediesenter. Han har nett fullført idrettslina ved Flora vidaregående skule, men har vore frilansar sidan han var 15 år og vart utplassert i Firdaposten i Florø. Både i fjar og i år er han sommarvikar i Firda, der han og har teke helgavakter.

– *Eg ynskjer at journalistikken skal bli levebrødet mitt og treng å lære faget*, seier Simon Solheim.

Mathias Oppedal har tre års utdanning (BA-grad) ved lina for fjernsyn – og multimedieproduksjon ved Universitetet i Stavanger. Han ynskjer å lære seg meir om journalistikk og nynorsk eterspråk. Han har vore med på filminnspeling, kortfilmfestivalar og idrettsstemne som lyd – eller kameramann.

– *Nynorsk har alltid vore hovudmålet mitt i skulesamanheng, men det har variert kor mykje eg har nyttat det elles. Nett difor søkte eg meg til Nynorsk mediesenter*, skriv Oppedal.

Sara Myhren Kornberg avslutta Bachelorgrad i allmenn litteraturvitenskap ved NTNU i Trondheim denne våren. I tillegg til det har ho studert nordisk og engelsk, og vore kulturjournalist i studentavisa "Under Dusken".

– *Journalistikk er noko eg brenn for og har drive med sidan eg var rundt seksten år. Då byrja eg som frilansjournalist i lokalavisa Møre i Volda. Gjennom frilansarbeid og ulike verv har eg innsett at det er journalist eg vil bli*, seier Sara Myhren Kornberg.

Tiande kullet ferdig



I dag – 30.juni - er siste dagen for tiande kullet med nynorskpraktikantar. Dei byrja her 5.januar og har dei to siste månadane hatt ekstern praksis i NRK Kulturnytt, NRK Dagsnytt, NRK Super, NRK Hordaland og NRK Sogn og Fjordane. Fire av fem held fram som vikarar/tilkallingsvikarar, den femte tek sommarferie og satsar på tilkalling og studiar til hausten.

Malin Olivia Dahlberg : - *Det kjennest litt vemodig og uvisst at tida som nynorskpraktikant er over. Desse seks månadene har gjeve meg praktisk og verdfull innsikt i journalistyrket, som neppe noko anna opplegg kunne ha gjort. Journalistikken har gjeve meirsmak, og eg vil bere med meg kunnskapane same kva eg endar opp med å gjere. Ein jobb innan media freistar absolutt, men dei därlege tidene i medie-Noreg gjer framtida uviss. Men i sommar held eg i alle fall fram som tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt. Så får eg håpe at eg også i framtida hamnar på den rette siden av statistikken til Magni, slik at Nynorsk mediesenter kan halde fram med det viktige arbeidet. Og*

at fleire kull nynorskpraktikantar kan få den same unike sjansen som vi har fått.

Ingvild Ryssdal : - Halvåret som nynorskpraktikant har rasa av garde. Først no skjønar eg kva Øvrebotten legg i uttrykket "ein hestekur i journalistikk". Seks intensive månader har gjeve meg kunnskap, erfaringar, opplevingar og innsikt eg ikkje vil vere forutan. Som nynorskpraktikant har eg blitt kasta ut i det, noko som har vore både kjekt, utfordrande og skummelt på same tid. Det har gjort sitt til ei bratt læringskurve, og gjeve meirsmak på alle dei moglegheitene journalistyrket byr på.

Ingunn Thon : - Dei siste vekene har eg hatt ansvar for noko vi kallar "Oddgeir-opptak". Oddgeir er ein kjent figur frå Barne-TV. Arbeidsoppgåvene har vore å finne statistar, location, rekvisittar, kostymer og elles syte for å få alt i boks, både på innspeling ute og innspeling i studio. Tida går fort når ein har mykje å gjere!

Siri Kleiven Strøm : - Nynorsk mediesenter har lært meg meir enn eg trudde var mogleg på fire månader, og alt eg lærte i Førde har gjort at eg har kunne stått på eigne bein i praksisperioden i NRK Hordaland. Det er òg i praksisperioden eg fekk merke kor nyttig og kor kjekt det er å vere dugande på fleire felt, både TV, radio og nett. Det er noko både eg og redaksjonen set pris på. Det er statusen som nynorskpraktikant som har gjeve meg sommarjobb i NRK Hordaland og i det heile ein fot innanfor NRK-systemet. For det vil eg alltid vere takksam.

Anna Gytri : - Eg ser tilbake på eit veldig kjekt og utruleg spennande halvår. Eg trur ikkje eg visste heilt kva eg gjekk til, men eg kan ikkje angre. Frå første dag vart vi kasta ut i det, og på kort tid fekk vi prøve oss med journalistikk på både radio, nett og med filmkameraet. Eg føler eg har vakse både som person og som ung og lovande journalist. Det har vore ei rekkje utfordringar på rad og rekkje, men vi har fått god rettleiing og saman har vi i gruppa klart oss gjennom kvar ein prøvelse. I byrjinga følte eg at mykje var nytt og at det var mykje å lære, men litt etter litt har eg lært meg både det eine og det andre. No føler eg meg trygg på at eg kan mykje, men eg veit også veldig godt at det er vanvittig mykje att å lære, og eg gler meg. Dei tøffe dagane som har vore har nok vore dei eg har lært mest av. I går fekk eg ei TV-sak eg laga til Vestlandsrevyen på Dagsrevyen, så det kan eg vel ta som eit teikn på at eg er på rett veg ?

Mona Vetrhus programleiar for "Diktafon"



Søndag 23.august kl. 07.03 er det premiere på det nye lyrikkprogrammet "Diktafon" i NRK P2, med reprise fredagen etter kl. 21.03. Programleiar er Mona Vetrhus.

Ho har arbeidd i NRK Super, skrive diktsamling og vore programleiar i barneprogrammet "Popcorn" i Radio Norge etter at ho gjekk på sjette kullet med nynorskpraktikantar våren 2007. Ho har studert litteratur, er sjølv lyrikar og kjem snart med si fyrste, sjølvstendige diktsamling.

– Vi fekk eit veldig godt inntrykk av Mona og gler oss til å jobbe med henne, seier Yngvild Kiran, prosjektsjef i kulturavdelinga i P2.

- Eg gler meg veldig til å starte med Diktafon. Eg ønskjer å laga eit levande og sprudlende program, og planen for Diktafon er at det skal vere for alle som likar dikt, både snekkaren og poeten. Det blir reportasjar, paneldebattar, konkurransar og moro. Følg med og heng på ! oppfordrar Mona Vetrhus.

Målpris til Gisle Forland

Salten Mållag sin nyopprettet målpris for dialekt og nynorsk i media vart nyleg delt ut til Gisle Forland, journalist i NRK Nordland.

– *Vi har lagt merke til at han er sjeldan trygg i dialektbruken som nordlending. Det er flott å høyre korleis han brukar helgelandsdialekta si, og i tillegg har han ei god og behageleg stemme, sa leiaren i Salten Mållag, Ludvig Kvandal, då han overrekte prisen 11.juni. Det skjedde i redaksjonen til NRK Nordland, til ein heilt ubudd prisvinnar.*

- *Det har ikkje berre vore enkelt å bruke dialekta i radio og på TV, men ein slik pris inspirerer meg til å halde fram, sa Gisle Forland. Han gjekk på det tredje kullet med nynorskpraktikantar, 2005/2006, og arbeidde etterpå i NRK Møre og Romsdal før han fekk fast jobb i NRK Nordland for snart to år sidan.*



Nynorskprisen for journalistar til platepratar



Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar gjekk i år til Ronny Brede Aase (22 år), programleiar og platepratar i NRK P3.

– *Som nynorskbrukande platepratar når han ungdom når språklege haldningar vert forma og vala tekne. Han kan vere eit føredøme for andre dialekt- og nynorskbrukarar, sa juryen mellom anna i grunngjevinga for å gje Brede Aase prisen.*

– *Eg skal halde fram med å vere eni stolt dialekt – og nynorskbrukar i P3, sa ein lukkeleg Ronny Brede Aase då han fekk 50.000 kroner og kunstverket "Postjuven" av Oddvar Torsheim. Det var leiaren for juryen, Gry Molvær, som overrekte prisen under Dei nynorske festspela i Ørsta 25.juni. Med seg i juryen har ho sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad og forfattaren Olaug Nilssen. Leiaren for Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, er sekretær for juryen. Det kjem seg av at Kulturdepartementet gav denne oppgåva i gáve til Nynorsk mediesenter då senteret vart opna i 2004.*

I år kom det inn 40 framlegg på 30 namn innan fristen 1.mai. Det er det meste juryen har hatt å velge i. Det er fjerde gongen prisen vert delt ut og tidlegare prisvinnarar er Linda Eide, NRK, Kjell-Erik Kallset, Dagsavisen og Odd Reidar Solem, TV 2.

KURSVERKSEMDA

I 2009 har vi så langt halde sju kurs, fire i medietrening, eitt presentasjonskurs og to om skriving for Internett. Det er Miljøstatus Norge, Fiskeridirektoratet, Telemarksforskning og kraftselskapa BKK og Tussa kraft som har tinga kursa.

Det er god pågang etter kurs til hausten og frå 15.august er Wenche Eikum attende frå foreldrepermisjon og utanlandsopphald for å lage, halde og selje kurs. Faglærar og kursfotograf Randi Indrebø er også attende frå foreldrepermisjon i august. – *Med dei to damene attende på laget får vi større kapasitet til både å utvikle nye kurs og halde fleire*, seier Magni Øvrebotten.

Her er utdrag frå tilbakemeldingane på dei fire siste kursa denne våren. Heile teksten finn du her : <http://www.nynorskmediesenter.no/go.cfm?id=74851>

Full score



Miljøstatus i Norge

- Kurset var veldig nyttig, og alle som har gitt tilbakemelding har gitt deg full score, både for presentasjonen du holdt og selve skrivinga, skriv redaktør for Miljøstatus Norge, Ingunn **Selvik**.

Det var Geirmund Henjum som hadde kurset i skriving for Internett i Oslo 9.juni. Kurset var i SFT sin regi og deltararane var 19 personar som arbeider med miljøinformasjon på nettsidene til Fylkesmennene.

Bygde sjølvtillit

- *Læringskurva frå sak til sak var bratt, og dei velbegrunna tilbakemeldingane var med på å bygge sjølvtillit i møte med det i utgangspunktet "brutale" TV-mediet. Ei god kjensle av meistring vaks fram gjennom kurset*, skriv konserndirektør for



kommunikasjon i BKK, Tonny **Nundal**, etter å ha hatt tre leiarar på medietrening med Geirmund Henjum og Heidi-Lise Bakke 22. april.

Tilrår kurset



- Kurset var godt delt mellom føredrag og gruppeoppgåver, og deltagarane fekk gode og konkrete tips å ta med seg tilbake til arbeidssituasjonen. Eit nyttig kurs, som er å anbefale, skriv informasjonskonsulent Ann Kristin **Einbu** i Tussa Kraft etter at tretten tilsette var på kurs i presentasjon med Arve Sandal og Magni Øvrebotten 2.april.

Vart tryggare

- Kurset var effektivt, utfordrende og lærerikt, og ga meg større trygghet enn tidligere i forhold til å møte media i jobben min, skriv ein av deltagarane på kurset i medietrening for ti tilsette i Fiskeridirektoratet 19.mars. Kurshaldarar var Magni Øvrebotten og Vegar Erstad.



- Kvar blir nynorskpraktikantane av ?

Per 30.juni 2009 har vi lært opp 50 nynorskpraktikantar, og 80 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Ti av dei har fast arbeid, seks i NRK, ti har satsa på anna arbeid/studiar og resten er tilkallingsvikarar/vikarar i media, dei fleste i NRK.

Det arbeider tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, NRK.no/tekst-tv, Kulturnytt, Juntafilredaksjonen i P3, Nattønsket, Underhaldningsavdelinga, Newton i NRK1, NRK Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med, men vi er avhengige av at dei melder frå når dei skifter arbeid. Dette er det vi veit om dei fyrste ni kulla per dags dato :

Tiande kullet – 5.januar til 30.juni 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), hadde ekstern praksis i NRK Super og tek sommarfri, men håpar å få kombinere Barne TV med studiar til hausten. Malin Olivia **Dahlberg** (1982) held fram som tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) har sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Til hausten skal ho attende til Dagsnytt som tilkallingsvikar attåt at ho skal skrive masteroppgåva si. Anna **Gytri** (1984) har fått eit årsvikariat i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) held fram som sommarvikar i NRK Hordaland. Til hausten skal ho studere og vere tilkallingsvikar på Minde.

Niande kullet – 25.august 2008 til 28.februar 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Samina **Bruk** (1985) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt, Magnus **Stokka** (1985) er sommarvikar i NRK Nyheter og Erling Molt **Korsnes** (1984) er sommarvikar i NRK Trøndelag.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærar i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er vikar i NRK Utanriks/Alltid Nyheter og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar i Datatilsynet, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er sommarvikar i Sunnmørsposten og Ivar **Folkedal** (1983) er sommarvikar i NRK Nyheter og studerer til mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er sommarvikar i Musikkredaksjonen i NRK P2, Mona **Vetrhus** (1975) er programleiar for barneprogrammet "Popcorn" i Radio Norge og frå august av attende i NRK for å lage lyrikkprogrammet "Diktafon". Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar, delvis som reportasjeleiar, i NRK Dagsnytt og Inger Synnøve **Tveito** (1985) arbeider på personalavdelinga ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) tek lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen, Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er programleiar for "Nattønsket" i Nattradioen til NRK, Ingrid **Hognaland** (1986) er nettjournalist i Haugesunds Avis og Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sørstebø **Svendseid** (1984) skriv på Masteroppgåva i internasjonal juss i London og er tilkallingsvikar i NRK Alltid Nyheter når ho er heime, Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og fekk nyleg eit 3-årig arbeidsstipend for nyetablerte kunstnarar, Øystein **Windstad** (1983) er sommarvikar i Adressavisa, der han ikkje får skrive nynorsk.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett som krimjournalist i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for Newton i NRK1, og fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer litteraturvitenskap ved UiB, Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett i Underhaldningsavdelinga i NRK og Janne-Marit (**Myklebust**) **Falck** (1981) er fast tilsett som journalist i lokalavisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er vikar i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV, Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball, og lagar mellom anna undervisingsfilmar for Utanningsdepartementet, Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen, der han tidvis er vaktsjef. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3, og produsent for programmet Juntafil. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er marknadskonsulent i Hålogaland teater.



Farvel til løvetanna

Når vi tek NRK inn i namnet vårt vert løvetanna som bumerke vekke. NRK skal vere logo nok åleine. Same reklamebyrået som laga den opphavlege logoen og designprogrammet vårt lagar no det nye. Ny logo og ny nettside vert teke i bruk 1.september.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskgfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredørme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal bygge vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30 Faglærarar :
57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nynorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nynorskmediesenter.no

